

29.januar 2007

Endå nærare full breibanddekning i Sogn og Fjordane

Staten, ved programmet Høykom, løyver 3,85 millionar kroner til breiband for 26 bygdelag over heile fylket. IT-forum Sogn og Fjordane kan med dette halde fram fellessatsinga for å skaffe breiband til bygdelag i fylket.

Prosjektet Breibandløftet Sogn og Fjordane fase 2 har i dag fått 3.85 millionar kroner i tilskott frå det statelege Høykom-programmet til utbygging av breiband til 26 bygdelag over heile fylket. Totalbudsjettet for Breibandløftet er på 9,625 millonar kroner.

Spleiselag

Prosjektet er planlagt som eit spleiselag mellom 15 av kommunane i fylket, fylkeskommunen og Staten. -Dette er vi nøgde med. Med denne løyvinga er vi litt nærmare full breibanddekning i Sogn og Fjordane, seier Alfred Vorland, leiar av breibandforum Sogn og Fjordane. -Det er særleg gledeleg at den siste offentlege skulen i fylket, Vestre Hyen skule i Gloppen, no får breibanddekning, seier fylkesrådmann Jan Øhlcckers, som er prosjektansvarleg for prosjektet.

Breibandløftet blir koordinert av Breibandforum, eit nettverk under IT-forum. Sogn og Fjordane fylkeskommune er prosjektansvarleg og det er Vestlandsforskning som har prosjektleiinga.

For meir informasjon, kontakt:

Leiar Breibandsforum, Alfred Vorland, tlf.: 57730703

Prosjektleiar breibandløftet, Geir Liavåg Strand, tlf.: 951 91 753

Breibandløftet fase 2 vil sikre utbygging av breibandkapasitet til desse bygdelaga:

- Rivedal i Askvoll kommune
- Hjelmelandsdalen i Eid kommune
- Ytre Fjaler / Lutelandet i Fjaler kommune
- Utbygging til Svardal/Håsteindal/, Litle Høydal/Høydal, Eikevika/Oppheim, Kalsvik, Nordal, Sunnarvik og Svarthumle i Flora kommune
- Heilevang i Førde kommune
- Myrmel og Vikja i Gaular kommune
- Solheim i Gloppen kommune
- Otterdal i Hornindal kommune
- Stardalen i Jølster kommune
- Leirdalen i Luster kommune
- Inste Naustdalen, Austre Horstad, Vestre Naustdal og Ytre del av Vevring i Naustdal kommune
- Sogndal Lufthamn og Sogndalsdalen i Sogndal kommune
- Flo i Stryn kommune
- Limmesand i Vik kommune
- Deknepollen og Raudeberg i Vågsøy kommune

Informasjon om breibandutbygginga i Sogn og Fjordane finn du på www.it-forum.no